



Peggy Røyseth
Håstølen 39
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4023 - 14/18156

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
20.11.2014

Leikeareal i reguleringsplanen for Holmemarka, Meland kommune

Meland kommune viser til Dykkar brev om klage på «Guttehytte» på fellesareal i Håstølen/Holmemarka mottatt 06.10.2014.

Byggesaksavdelinga har drøfta saka internt, og slik vi ser det ut i frå innsendt dokumentasjon vil ikkje tiltaket komme inn under Kapittel 20 i Plan- og bygningslova om søknadsplikt. Arealet er avsatt til friareal/fellesareal for lek i reguleringsplanen for Holmemarka. Som nabo til eit fellesareal for lek, må ein pårekne at arealet blir nytta til dette formålet. I matrikkelen står Meland utbyggingsselskap AS som eigar av friarealet. Velforeningen i Holmemarka har slik administrasjonen kjenner til, bruksrett til desse areala.

Administrasjonen oppfordrar Dykk til å ta saka opp med velforeningen. Sjøv om saka ikkje kjem inn under søknad om tiltak etter Plan- og bygningslova, kan saka omhandla anna regelverk. Velforeningen må sjå til at arealet ikkje vert nytta utover det som er tiltenkt.

Administrasjonen gjer likevel velforeningen merksam på at det er vellaget og bebuarar i Håstølen med bruksrett til fellesareala og leikeareala, som pliktar å sjå til at det på desse områda ikkje er, eller blir oppført leikeapparat eller andre konstruksjoner som kan være farleg eller til hinder utover det formålet arealet er avsatt til.

Meland kommune viser til Plan- og bygningslova Kapittel 20 og www.bing.nu om lovar og rettleiing og søknadspliktige tiltak.

Eigar av Håstølen 39 tok i same møte opp mulighet for trefelling/tynning av skogen i eit anna fellesareal i reguleringsplanen for Holmemarka. I reguleringsplanen for Holmemarka § 19 står det: «*Friområde skal opparbeidast etter ein samla plan, godkjent av bygningsrådet.*»

Byggesak sendte forespørselen over til kulturavdelinga for uttale. Dei har sagt at tynninga må avklarast med Holmemarka velforening før ein eventuelt går i gang med tiltaket.

Kopi av brevet blir sendt vellaget for orientering.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg

Vedlegg

Kopi til:

holmemarka.velforening@hotmail.n

o

Mottakere:

Peggy Røyseth

Håstølen 39

5918

FREKHAUG